



## KONTROLLUTVALET FOR RADØY KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 26.05.2015  
**Stad:** Kommunehuset  
**Kl.:** 09.00 – 13.10  
**Tilstade:** Arild Tveranger – leiar, Astrid Nordanger – nestleiar, Oddmund Skjelvik, Eva Karin Klausen og Arvid Aasgård (1. vara for Jan Tore Hvidsten)  
**Innkalla:** Økonomisjef Sveinung Kvamme til sak 14/15 (frå kl. 10.00) og Nav-leiar Svein Ove Skjoldal til sak 16/15 (frå kl. 12.00)  
**Revisjon:** Reidar Bjørsvik og Randi Rykkje  
**Sekretær:** Tonje Husum Aarland og Bent Gunnar Næss  
**Forfall:** Jan Tore Hvidsten

---

### 11/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

### 12/15 Godkjenning av møteutskrift

**Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift 02.12.14 vart godkjent.

### 13/15 Skriv og meldingar

- Budsjettbrev frå Fylkesmannen
- Erstatningssak – orientering frå kontrollutvalsleiar
- Revisjonsmelding pasientrekneskap – nummerert brev nr 2 – ikkje offentleg - offl. § 13 og fvl. § 13 – vert lagt fram i møte  
*Kontrollutvalet vel å lukke møtet under dette punktet med heimel i offentleglova §13, forvaltningslova §13 og kommunelova §31.*
- Bekymringsmelding  
*Kontrollutvalet vel å lukke møtet under dette punktet med heimel i offentleglova §13, forvaltningslova §13 og kommunelova §31.*

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til etterretning. Erstatningssaka og bekymringsmeldinga vert teke opp att under sak 19/15 Eventuelt.

Kontrollutvalet forventar at dei punkta som revisjonen peikar på i revisjonsmeldinga for pasientrekneskapen vert følgt opp. Kontrollutvalet ønskjer å få tilsendt dei reviderte skriftlege rutinane og avtalene til neste møte og ei orientering om korleis dette er følgt opp.

#### 14/15 Uttale til årsrekneskapen for 2014

Sakstilfang: Årsrekneskap, årsmelding, revisjonsmelding og revisjonsuttale.

Økonomisjef møtte i denne saka.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2014, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

#### **Samrøystes vedtak:**

Med tilvising til det som her er nemnd vedtok Kontrollutvalet å gi slik uttale til kommunestyret om Radøy kommune sin årsrekneskap for 2014:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Radøy kommune for 2014. Saman med årsrekneskapen låg føre årsmeldinga frå rådmannen samt revisjonsmelding for 2014 og revisjonsrapport.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov. Kontrollutvalet vil peike på følgjande:

Netto driftsresultat er – 3,8 mill. kr, det er 6,4 mill. kr lågare enn i 2013 og 14 mill. kr lågare enn i 2012. Det utgjer - 1 % av driftsinntektene, og er langt unna det nye målet om 1,75 % (forandra frå 3% pga. endra retningslinjer for føring av mva-kompensasjon). Eit negativt netto driftsresultat er ikkje tilfredsstillande og er ei utvikling som gir stor grunn for bekymring for tenesteytingane i Radøy kommune.

Netto avsetning/bruk av bundne fond viser ein netto avsetning av 0,6 mill. kr. Her har kommunen hatt større inntekter enn utgifter til område med spesifikke inntekter, største delen gjeld VAR område.

Utgiftene til bygdeboka skulle vore ført i drift og ikkje i investering. I 2014 er det netto om lag 0,9 mill. kr. Når ein korrigerer for dette så har kommunen eit korrigert netto driftsresultat på minus 5,2 mill. kr, sjå tabellen under. Det er ei forverring samanlikna med 2013 på 3,6 mill. kr, noko som er ein trend vi har sett dei siste åra. I tillegg er det verdt å merke seg netto premieavik no er 29,5 mill. kr ein auke på 7,7 mill. kr, det vil bli kostnadsført dei neste 7 åra.

Korrigert netto driftsresultat i mill kr		
	2014	2013
Netto driftsresultat	-3,78	2,60
- Momskompensasjon investering	0,00	-4,11
- Avsatt /+ bruk av bundne fond (netto)	-0,55	0,64
- Bygdebok ført i investering	-0,86	-0,73
<b>Netto driftsresultat korrigert</b>	<b>-5,19</b>	<b>-1,60</b>

Driftsutgiftene auka med 2 %, mens driftsinntektene auka med 0 % i 2014. Dette er ei utvikling som ikkje kan fortsette.

Utgifter til lønn og sosiale utgifter aukar med 4 % i 2014. Note 22 viser at tal årsverk er 414 i 2014, ein auke på 7 årsverk frå 2013.

Den langsiktige gjelda til kommunen har auka med ca. 4,4 mill. i 2014, og den utgjør 70 % av driftsinntektene. Netto finans kostnaden aukar med 0,8 mill. kr. Kommunen nyt godt av at der er eit lågt rentenivå.

Kommunen sin likviditet er ytterlegare svekka i 2014 og er nå svak. Arbeidskapitalen (Omløpsmidlar – Kortsiktig gjeld) er nå på minus 16,1 mill. kr når ein ser bort i frå premieavviket og ubrukte lånemidlar. Kommunen har gjort seg avhengig av ubrukte lånemidlar for å halde likviditeten oppe.

Avvik i høve til budsjett skjema 1B - driftsrekneskapen

Kommunen sitt delegasjonsreglement i vedlegg 3 set krav om at avvik på dei ulike områda skal forklarast i årsmeldinga, dette er også eit krav i § 10 i forskrift om årsrekneskap og årsmelding. Avvika i høve til budsjett på dei einskilte einingane i 2014 er på nokre område høge og det totale overforbruket er på 7 mill. kr. Tenesteområdet felles skule/barnehage/SFO har det største overforbruket på meir enn 6 mill. kr. Det største overforbruket er på fellestenester oppvekst som synes å ha eit lite realistisk budsjett samanlikna med tidlegare år. Det justerte budsjettet i 2014 vart justert ned på området oppvekst, og rekneskapet fekk såleis eit større overforbruk enn om ein hadde haldt seg til opphavleg budsjett. Kontrollutvalet ser det som viktig at budsjettet vert følgt.

I investeringsrekneskapen – skjema 2B så er der nokon avvik i forhold til vedteke budsjett, men mange av dei er forklart i årsmeldinga.

Kontrollutvalet vil peike på revisjonen sin kommentar til bygdeboka i revisjonsrapporten og **atterhald** i revisjonsmeldinga om at kostnader til bygdeboka ikkje skulle vore ført i investering, men i drift. Dette er ikkje i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk. Dette har også kontrollutvalet peika på tidlegare.

Revisjonen har også peika på omlegginga til nytt rekneskapssystem som har gitt endringar i innhald i budsjetttrammer. Det er viktig at det vert god rapportering og nødvendig oppfølging på alle budsjettområda undervegs i året for å unngå avvik i dei faste budsjetttrammene. Kommunen har no ingen buffer til å tåle tilsvarande overforbruk.

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning. Kontrollutvalet reknar med at revisjonen sine kommentarar i revisjonsrapporten vil bli følgt opp av administrasjon. Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 18.05.2015 og revisjonsrapport nr. 11 datert 18.05.2015, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for Radøy kommune for 2014.

Kommuneloven § 48 nr 5 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen, arbeidet med å sikre ein betryggande kontroll og høg etisk standard. Dette kunne med fordel vore noko tydelegare omtalt i årsmeldinga.

Kontrollutvalet vil gje uttrykk for forståing for utfordringar knytt til systemskiftet 1.7.2014, og meiner at desse har vorte forklart tilfredstillande i rekneskapen og årsmeldinga.

#### **15/15 Prosjektrekneskap Olsvollstranda**

Prosjektrekneskapet Olsvollstranda vart delt ut i møtet, men er enno ikkje revidert.

##### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet utsett saka til neste møte.

#### **16/15 NAV – kommunen sin oppfølging av tilsynsrapport frå Fylkesmannen**

Saksvedlegg: Tilbakemelding frå kommunen 16.3.2015 og Avslutning av tilsyn med Nav Radøy kommune 21.04.2015.

Einingsleiar Nav Radøy orienterte om saka.

##### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning.

#### **17/15 Forvaltningsrevisjonsrapport – Nav og ressursbruk**

Rapporten er ikkje ferdigstilt.

Revisjonen ga ei orientering om arbeidet med forvaltningsrevisjonsrapporten som er under utvikling. Det er satt opp nye endringar i problemstillingane. Desse er som følgjar:

- 1) Korleis er ressursbruken i NAV Radøy samanlikna med eit utval andre kommunar og korleis er ressursane fordelt i høve til tenester og oppgåver som følgjer av lova og formålet med lova?
- 2) Har NAV Radøy eit system for å sikra oppfølging av langtidsmottakarar?

Tidlegare punkt 3 går no ut.

##### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning og takka for grundig arbeid og gjennomgang. Den ferdige forvaltningsrevisjonsrapporten vil såleis tas opp att på neste møtet i kontrollutvalet i september.

#### **18/15 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

##### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet hadde ingen kommentarar.

## 19/15 Eventuelt

### 19/15A Erstatningssak – etter orientering frå kontrollutvalsleiar

Kontrollutvalsleiar og Rådmann orienterte om saka.

#### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orientering om saka. Kontrollutvalet vel å ikkje ta saka vidare, men oppmodar kommunen å gjere betre kontroll av arbeidet til entreprenører undervegs. Kontrollutvalet ønskjer å følgje opp saka når den er avslutta.

### 19/15B Bekymringsmelding

*Kontrollutvalet vel å lukke møtet under dette punktet med heimel i offentleglova §13, forvaltningslova §13 og kommunelova §31.*

#### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til etterretning. Kontrollutvalet forventar at kommunen kjem med tilfredstillande tilbakemeldingar ved alle henvendelser.

Neste møte i kontrollutvalet 22.09.15.

Saker til neste møte:

- Oppfølging av revisjonsmelding om pasientrekneskap
- Prosjektrekneskap Olsvollstranda
- Forvaltningsrevisjonsrapport – Nav og ressursbruk

Manger, 26. mai 2015

Arild Tveranger/leiar



  
Tonje Husum Aarland/sekretær

